

## *Forord*

Da samarbeidsprosjektet Moderne importord i språka i Norden (MIN) skulle settas i gang, var det tidlig klart at det var viktig å få ei systematisk beskriving av den faktiske språkbruken i dei sju aktuelle språksamfunna. Vi kom fram til at avisspråket av mange grunnar var det beste å bruke som grunnlag for ein jamføringsstudie.

Endre Brunstad (Bergen) planla strukturen i dette delprosjektet og skreiv handboka. Men til å gå igjennom avisene måtte vi dra inn fleire personar, som var godt kyndige i kvart språk. Alle importorda i dei utvalte avisene skulle registreras etter eit fast opplegg. Dette arbeidet er blitt utført av Anu Maaret Lahtinen og Åsa Mickwitz (Helsingfors), Hanna Simonsen (Tórshavn), Endre Brunstad, Bente Selback og Elín Bára Magnúsdóttir (Bergen). Selback har også hatt ansvaret for samordninga og kontrollen av alt dette arbeidet. Knut Hofland ved Aksis, Universitetet i Bergen, har samkjørt datamaterialet og lagt den felles basen til rette for statistisk bearbeiding.

Bente Selback har gjennomført dei statistiske analysane for kvart språksamfunn, og ho har presentert desse analysane i enkeltkapittel i denne boka. Desse kapitla er bygd opp svært parallelt, slik at det kan bli enklare å jamføre. Dei er òg skrivne slik at dei kan lesas uavhengig av kvarandre. Jamføringa av dei sju samfunna i kapittel 9 har Helge Sandøy skrive. Han har også vore ansvarlig leiar for MIN-prosjektet. Både problemstillingar, metode og resultat har elles vore drøfta på felles nettverksmøte i prosjektet, og Guðrún Kvaran, Pia Jarvad, Olle Josephson, Jan-Ola Östman og Pirkko Nuolijärvi skal takk for å ha lese over manuset i siste fasen. Vi som har skrive i denne boka, har òg gått igjennom artiklane åt kvarandre. Tore Kristiansen skal ha stor takk for å ha lese over kapittel 9 og for å ha gjennomført dei statistiske testane som ein finn der.

Eit viktig mål med denne granskinga har vore å sikre godt jamføringsgrunnlag ved å gjennomføre same metode i alle språksamfunna. Frå før fins enkeltgranskingar frå fleire samfunn, men dei har ikkje vore samordna metodisk. Anne-Line Graedler, som har vore deltakar i nettverket i prosjektet, har bakgrunn i ei tidligare norsk avis-språkgransking, og ho tok på seg å sjå resultatata i dette prosjektet i lys av dei andre enkeltgranskingane som har vore gjennomført. Det forskingsutsynet kjem som siste kapittel i boka.

Vi takkar alle som har hjulpet til i dette delprosjektet. Vi er òg svært takksame overfor Nordisk språkråd, Meltzers høyskolefond (Bergen), Det historisk-filosofiske fakultetet (Bergen) for finansieringshjelpa vi fekk derifrå. Takk òg til Nordplus Språk, som har finansiert utgivinga av boka.

Bergen september 2007

*Bente Selback*

*Helge Sandøy*